



1. Jon A. Silgjerd

Fødd og oppvaksen i Ryfylke men har budd i Hå i 21 år. Er utdanna ingeniør og arbeider som salgssjef i eit oljeservicefirma på Lura.

På fritida går det i matlaging, hagearbeid, historie og med eit småbruk i Ryfylke så blir det aldri fritidsproblemer.

Jon Arne har lang erfaring frå fylkespolitikken og har vore medlem / varamedlem i fylkestinget i fleire perioder, leiar i regional- og kulturutvalget, leiar i Aksjon Jærvassdrag, leiar i Rogaland Venstre og medlem i landsstyret i Venstre, leiar i Vennelaget for Hå Gamle Prestegard, m.m.

Politiske interesser er miljøpolitikk i vid forstand, jordvern, friluftsområder og bumiljø. Næringspolitikk, småbedrifter, kultur og regional utvikling heng også tett saman.

Epost : jonsil@lyse.net

Her er Hå Venstre sine toppkandidatar ved kommunevalet i haust.

Våre toppkandidatar

2. Anne Kathrine Edland

Fødd i Molde men er nå godt gift med ein jærbu. Utdanna lektor frå Ås og underviser i naturfag på Øksnevad vgs. Tidligere aktiv idrettsutøvar og ennå svært interessert i håndball, fotball og hest – og idrett generelt. Har vore aktiv i styresamheng i håndball og rideklubb og har vore med i FAU på Motland Skule og ulike fagforeningar. Politiske interesser er miljø, skule og kultur ... og idrett.

Epost: mtedland@hkabel.net



3. Tom Henrik Rosseland

Er frå Varhaug men har nå overtatt gard på Søyland. Er autorisert regnskapsfører og er nå dagleg leiar og medeigar i eit regnskapsfirma. Lidenskepleg interessert i jakt og fiske og anna friluftsliv.... og nesten sportsidiot..... Politiske interesser er næringspolitikk, småbedrifter, jordbruk og jordvern ... og idrett.

Epost: thr@netpower.no

4. Albert Moe

Odelsgut frå Suldal som kom til Hå som fersk lærar og har sidan arbeidd mange år i skulen i Hå, inkludert som rektor både på Bø og Motland skule. Arbeider nå i Sandnes Kommune med personalsaker. Svært interessert i idrett, orienteringsløpar og har vore aktiv i idrettslaget. Aktivt med i Lions i Hå. Politiske interesser er nærmiljø, skulepolitikk og eldreomsorg ... og idrett.

Epost: albert.moe@sandnes.kommune.no



Hå Venstre si liste

- | | |
|--------------------------|------------------------------|
| 1. Silgjerd, Jon Arne | 11. Fagereng, Tor-Eivind |
| 2. Edland, Anne Kathrine | 12. Hatlegjerde, Sissel Sæla |
| 3. Rosseland, Tom Henrik | 13. Langlo, Per Øyvind |
| 4. Moe, Albert | 14. Møller, Åsa |
| 5. Høyland, Oddvar B. | 15. Njærheim, May-Linn |
| 6. Hatlegjerde, Mindor | 16. Sandsmark, Gerd Holmane |
| 7. Grude, Jan Ove | 17. Skåland, Arne |
| 8. Njærheim, Terje K. | 18. Ueland, Georg Fredrik |
| 9. Abrahamsen, Liv | 19. Ueland, Mona |
| 10. Bø, Agnes | 20. Varhaug, Odd Arild |

Følg valgkampen på

www.venstre.no/rogaland/haa


e-post: haa@venstre.no



Hå Venstre

haa@venstre.no

www.venstre.no/rogaland/haa



Hå Venstre Program 2007 – 2011



venstre

Miljø

Hå kommune må bli miljø-kommune!

Venstre vil satsa på desse sakene: Tilsetja ny miljøvernleiar, direkte underlagt rådmannen, som får ansvar for og myndigheit til å gjera Hå til ein aktiv miljøkommune.

Utarbeida eigen klimaplan for Hå kommune. Redusera CO2 utsleppa frå eiga verksemd minst i samsvar med nasjonale mål på 30% før år 2020. Støtta alternative energiformer der det er fornuftig. Både gass, biovarme og fjernvarme bør kunna nyttast der tilhøva ligg til rette for det.

Arbeida aktivt for å redusera energi-forbruket i alle kommunale bygg gjennom ENØK-tiltak og bruk av alternative energiformer.

Støtta det flotte miljøprosjektet "Nye Loen" og sjå om erfaringane derifrå kan nyttast i andre deler av kommunen også.

Venstre er for vindkraft, men ik-

kje overalt! Venstre var imot det prosjektet som nå har fått konsesjon på Høg-Jæren, men er positiv til nye prosjekt som blir planlagt i samsvar med den komande nye fylkesdel-splanen for vindkraft.

Jordvern er svært viktig for ein sentral jordbrukskommune som Hå. Vidare utbygging av bustader må difor i større grad leggast til udyrka areal i søre deler av kommunen eller som fortetting i sentrumsnære områder. Dyrka mark skal så langt det er råd brukast til matproduksjon og jordbruk.

Ta vare på det biologiske mangfaldet i kommunen, noko som mellom anna betyr å ta vare på dei få restareala og våtmarkene som er igjen i kommunen. Alle sentra i kommunen skal ha som mål å vera ein triveleg samlingsstad for innbyggjarane. Venstre vil laga nye sentrumsplanar for alle sentra i kommunen med fokus på gode møteplassar, trivelege buområde og

sentrumsnære grøntområde. Den mislukka parken midt i Nærbo sentrum bør fjernast og gjerast om til nærings- og bustadområde. Grøntarealet må erstattast med andre gode og sentrumsnære park og turområde. Gjera fleire gater i bustadsområdene om til miljøgater som er trivelege og trygge for dei som bur der.

Vassdraga som renn gjennom kommunen er svært viktige for miljø og trivsel i kommunen. Venstre vil delta aktivt i Aksjon Jærvassdrag for å forbetra vasskvaliteten i alle vassdraga i kommunen og nytta desse områda aktivt i friluftssamheng. Arbeida aktivt for å byggja eit samanhengande nettverk av turveier i kommunen, t.d. langs vassdraga i kommunen der dette er mulig og gjera dei til attraktive friluftsområde for innbyggjarane.

Samferdsel – både kollektivtilbod og trygge bilveggar - er eit nøkkelområde for heile kommunen. Jærbanen er ryg-

grada i kollektivtilbodet i kommunen og må utviklast vidare. Trygge bilveggar er heilt nødvendig for å skapa livskraftige bygder der andre tilbod ikkje kan nyttast. Ved utbygging av nye bustadområde må ein ha som mål at eit kollektivtilbod må vera på plass før utbygginga tar til. Gode reisevanar må lærast tidlig.

Dobbelsporet / bybanesatsinga må forlengast til heile Hå så snart som råd slik at pendlarar i heile kommunen kan reisa kollektivt til og frå Stavanger / Sandnes – området. Alle jernbanestasjonar må gjerast tilgjengelige for alle brukargrupper og det må finnast gode parkeringsalternativ i nærleiken.

Fortsetja det gode arbeidet for å byggja eit samanhengande nettverk av gang- og sykkelstiar i kommunen.

Byggja gang- og sykkelsti frå Nærbo til Kviamarka industriområde så snart som råd.

Sosialt ansvar

Ein god kommune for alle!

Hå er ein god kommune for eldre. Denne politikken vil Venstre støtta og byggja vidare opp omkring.

Eldre og funksjonshemma har same krav på aktivitetar og meningsfylte liv som andre grupper. Dette må det leggast vekt på ved fordeling av kulturmidlar og andre aktuelle budsjettpostar.

Venstre står bak vedtaket om å byggja ambulansesentral på Bekkeheien og vil arbeida for å få nattlegevakt til same staden så snart som råd. Det bør vera råd å få til eit langsiktig samarbeid med dei andre Jærkommunane om dette.

Venstre er positive til å hjelpa flyktningar som treng hjelp. Hå kommune er godt i stand til å ta imot fleire flyktningar enn i dag og syta for at desse blir integrert og kjem i meningsfylt arbeid så snart som råd.

Kultur

Kultur handlar om trivsel!

Venstre stør satsinga på alle frivillige organisasjonar i kommunen. Hå har fleire idrettslag der frivillige gjer ein fantastisk innsats. Denne innsatsen må kommunen visa at dei set pris på. Samarbeidet om bygging og drift av idrettsanlegg må vidareførast aktivt.

Hå Gamle Prestegard er eit av dei fremste sentra for kunst og kultur i landet. Venstre vil byggja vidare på dette og vil stemma for budsjetttrammer som gjer dette mulig. Jærmuseet er også i ferd med å bli eit leiande museum i landet. Hå må vera aktiv i det interkommunale samarbeidet omkring dette.

Samarbeidet mellom Jærmuseet og Hå Gamle Prestegard må halda fram og nyttast aktivt i turistsatsinga og i profileringa av kommunen.

Skule

Skule for framtida!

Venstre vil satsa på skulen og ser ingen grunn til at ikkje Hå skal ha eit høgt kvalitetsnivå på alle trinn.

Venstre vil sikra ressursar til skulane slik at vi kan ha ein skule på høgde med dei beste kommunane i landet.

Det må sikrast gode ressursar også til dei svake elevane gjennom å styrka sosiallærafunksjonen og å gi større ressursar til spesialundervisning.

Alle lærarar som har vore tilsett i 10 år eller meir skal ha rett på eit halvt års permisjon med løn til vidareutdanning.

Ta vare på og byggja vidare på dei grendeskulane vi har. Venstre ser ingen grunn til å leggja ned nokon av desse.

At det skal vera barnehageplass til alle som vil ha bør vera sjølvsgatt i ein kommune som Hå og desse barnehagane skal ha eit godt pedagogisk innhald.

Leikeplassane rundt omkring i kommunen – særleg på eldre felt – treng sårt til opprusting. Leikeplassane er viktige både for borna og som møteplassar for dei vaksne og må haldast godt vedlike, både for å ivareta trivselen og sikkerheita.



Småbedrifter

Sats på småbedriftene!

Hå skal framleis vera ein av landets fremste jordbrukskommunar. Bønder er i høgste grad også småbedrifter og må sjåast på som viktige arbeidsplasser i kommunen.

Jordbruket må drivast på ein bærekraftig måte slik at dei matvarene som blir produsert i Hå er trygge og ettertrakta hjå forbrukarane.

Hå har tidvis vore ganske flink når det gjeld politikk for etablerarar og småbedrifter. Denne politikken vil vi støtta og byggja vidare opp omkring. Industriområdet i Kviamarka må øymerkas til næringsmiddelindustri og Hå bør arbeida aktivt for å etablera ei livskraftig klynge av slike bedrifter i området.

Venstre vil arbeida aktivt for å stimulera til meir næringsmiddelindustri.

Satsinga på hamna i Sirevåg og tilknytt industri må vidareførast.

Næringshagesatsinga på Nærbo må evaluerast. Hvis denne ikkje fungerer som planlagt bør denne satsinga vurderast på nytt.

Venstre vil vidareføra det interkommunale samarbeidet om etableringstiltak gjennom Jæren Produktutvikling slik som i dag.

Industri høyrer til på industriområde. Mindre attåttnæringar i tilknytning til landbruket må kunna etablerast i LNF-områder så lenge desse ikkje fører til ulemper for miljø og nabolag.

Turistsatsing – knytt til friluftsliv, landbruk og matkultur – og kultur-turisme med røter i Jærmuseet og Hå Gamle Prestegard bør kunna bli naturlege satsingsområde i Hå.



Lokaldemokrati

Hå kommune er for tida ganske svake på miljøpolitikk. Etter at stillinga som miljøvernleiar vart ledig har det vore minimal fokus på miljøpolitikk i kommunen. Dette vil Venstre gjera noko med!

Vassdraga som renn gjennom kommunen er svært viktige for miljø og trivsel i kommunen. Hå er for tida den mest passive medlemskommunen i Aksjon Jærvassdrag og dette vil Venstre gjera noko med.

Kampen om arbeidskrafta kjem til å bli hard i framtida og Hå kommune må gjera ein aktiv innsats for å bli ein meir attraktiv arbeidsplass.

Ein aktiv personalpolitikk som tar vare på dei tilsette og legg til rette for utvikling og vidareutdanning er

svært viktig. Dette må også omfatta ein seniorpolitikk som gjer det mulig og attraktivt å arbeide fram til oppnådd pensjonsalder – og gjerne lengre for dei som ynskjer det.

Hå Venstre går inn for eit aktivt samarbeid mellom likeverdige kommunar på Jæren. Alle Jærkommunane har i stor grad dei same utfordringane og den beste måten å løysa desse på er gjennom eit tett og aktivt samarbeid.

Kommunesamanslåing er ikkje aktuelt utan at det først har blitt eit fleirtal for det i ei folkeavrøysting.

